

## Kommunestrukturen

Kommunesamanslåing er eit heitt tema i mange kommunar. Kva fungerer best, store eller små kommunar?

S. 8-10

## Enklare nynorsk

– Det skal bli lettare å vere nynorskbrukar, seier Grete Riise i rettskrivingsnemnda, som no skal gi oss ei strammare nynorsknorm.

S.14

## Liten auke

Nynorskprosenten i Kommunal Rapport har auka dei siste åra. Likevel brukte redaksjonen nynorsk i berre 15 av 42 utgåver i fjor.

S. 5

## Radikal bokorm



Foto: Anders Ericson, Norsk Bibliotekforening

På 70-talet var Svein Arne Tinnesand (49) ein vaskeekte punkar. No leiar han Norsk Bibliotekforening.

• Sjå s. 12-13

## Dreis på nynorsk



Foto: Privat

Grete Haukelid (28) har laga ei masteroppgåve som skal gi ei meir levande nynorskopplæring.

• Sjå s.7



Foto: Arne Rostad

# Historisk merkevare

I løpet av det årlege Peer Gynt-stemnet (biletet) i Nord-Fron er om lag 25 000 besøkjande innom. Historia om eventyraren Peer Gynt er truleg ei av dei sterkaste merkevarene til kom-

munen, der samfunnsdebatten no går friskt om ny vegtrasé og ei eventuell kommunesamanslåing.

• Side 18-20

BRUK  
LNK  
KORTET

diktarvegen.no

fjordvegen.no

## DIKTARVEGEN – FJORDVEGEN

# KONFERANSE I BALESTRAND

8. og 9. april 2010

KVIKNES HOTEL













Foto: Anders Ericson, Norsk Bibliotekforening

# På barrikaden

**Svein Arne Tennesand (49) er framleis radikal. Både når det gjeld politikk og musikk.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Du er ein vaskeekte punkar?

– Haha, ja det visste du ikkje nei. Ja, eg var med og starta Stavanger Rockeklubb ein gong i tida, seier Svein Arne Tennesand.

Den musikalske og sosiale krafta kom frå Storbritannia til Stavanger på slutten av 1970-talet, og Sosialistisk Ungdom (SU) såg den opprørske musikken som ein gyllen sjanse til å mobilisere ungdom i viktige politiske spørsmål. For å få dette til arrangerte SU ein omfattande Norgesturné med punkbandet Crisis og reggaebandet Cynus. Og ungdomspolitikaren Tennesand var midt oppe i alt saman.

– Eg kjem frå ein arbeidarfamilie i Stavanger, ein radikal familie der politikk var ein del av dagleglivet. Det falt meg heilt naturleg å bli politisk interessert i ung alder. Men i åra etter at punken kom vart det meir musikk enn politikk, smiler han.

Tennesand følte seg heime i det opprørande ungdomsmiljøet. Eit samansett miljø som var lite homogent. Det heile handla om å vere i opposisjon.

– Me var i mot det meste. Det var ein frigjerande energi; ein venta ikkje på at andre skulle ordne opp. Ville du ha noko, måtte du skape det sjølv.

## SJØLVMELDING

**Namn:** Svein Arne Tennesand

**Alder:** 49

**Bur:** Stavanger og Oslo

**Aktuell:** Nyleg vald til leiar av Norsk Bibliotekforening

**Les:** Bøker, blader, teikneseriar, tidskrift og ein masse på skjerm.

**Høyrrer på:** Det blir mest på radio.

**Førebilete:** Folk over heile verda som ikkje gir opp.

**L**ivet til Svein Arne Tennesand har handla mykje om litteratur. Den bokinteresserte Stavanger-guten fann vegen til biblioteket alt tidleg i barndommen. No er han nyvald leiar i Norsk Bibliotekforening.

– Eg vart glad i biblioteket då eg var barn, ikkje minst på grunn av alle moglegheitene eg fann der. Dei fleste av oss har jo ein fascinasjon for lesing og for å kunne skaffe oss kunnskap, seier han.

Plutsleg er han tilbake i Stavanger på 1960- og 70-talet. Tida då bokbussen kom trillande gjennom gatene. Han smiler av minnet.

– Me hadde jo bokbuss. Det var greier det.

– Men den er vel i ferd med å forsvinne i mange deler av landet no?

– Ja, bokbussen kan me nok vinke farvel til. Men det store problemet i distrikta er jo ikkje at bokbussen forsvinn, men at menneska flytter. Dersom det er slik at folk som bur der, reiser inn til sentrum for å kjøpe mjølk, kan det vere like godt med eit stort bibliotek der som eit lite lokalt. Utdringa er uansett å gi eit godt

bibliotektilbod i heile landet, seier han og kastar ein flamme inn i debatten om kommunesamanslåing.

– Kor gode tenester klarer kommunane å tilby når dei blir så små? Eg vil ikkje vere determinist, men all utvikling dei siste 50 åra har vore i retning av ein type sentralisering.

– Du er ikkje redd for endringar?

– Nei, eg fryktar ikkje endringar. Men dei fleste menneske ynskjer vel at ting skal vere slik dei alltid har vore.

**O**g biblioteka er i endring. I framtida vil teknologien og dei digitale løysingane ta over, meiner Tennesand.

– Mange er så opptekne av det fysiske rundt eit bibliotek. Men biblioteket, med dei tunge skinnsofaene og det grøne leselyset er ikkje eit bruksbibliotek. Det skal vere ein plass for aktivitet, diskusjonar og debatt. Sjå berre på Litteraturhuset i Oslo, slår han fast.

– Er utviklinga litt trist, litt melankolsk?

– All forandring er forandring, men eg trur dei fleste i bransjen ser framover. Og me kjem heilt sikkert til ta med oss det beste av det me har. Boka døyr ikkje på måndag, det vil kome fysiske eksemplar i mange år. Og det er jo framleis folk som kjøper vinylplater, for å seie det slik.

– Men det er eit vegskilje, og me får andre utfordringar enn før. Det er ikkje sikkert det er like enkelt å formidle kunnskap og kultur digitalt. Og i tillegg kjem alle utfordringane med opphavsrettar og bruksrettar.

Men det har også sine fordelar, og samtalen tar på ny ei vending mot distriktspolitikk og lik fordeling.

– Eg er sikker på at både den nye teknologien og dei digitale moglegheitene, i tillegg til det auka utdanningsnivået i samfunnet, gjer at det er mogleg å også tenkje seg små einingar, seier han.

**S**om ungdom arbeidde Tennesand som platearbeidar ved Rosenberg i Stavanger. Seinare vart det gymnaset på Kongsgård vidaregåande skole og bibliotekutdanning i Oslo. Også arbeidslivet har vore prega av bibliotekfaget, som tilsett ved fylkesbiblioteket i Rogaland i mange år og seinare biblioteksjef ved det same biblioteket frå 1998 til 2008. Tida med punkmusikk og opprør som ungdom i Stavanger var

også starten på ein lang politisk karriere fram til livet som politisk rådgjevar for SV på Stortinget. Der har han jobba dei siste to åra med distriktspolitikk, kommunepolitikk og kulturpolitikk, som alle er tema som ligg Tennesands hjarte nært.

Mange hugsar nok kanskje perioden for handsaminga av bibliotekmeldinga. Eller at regjeringa klarte å gjennomføre full barnehagedekning og ei ny ekteskapslov. Mange av lesarane dine vil nok også trekkje fram språkmeldinga.

– Er du framleis radikal?

– Ja, det er jo litt vanskeleg når ein er ein del av eit regjeringsparti. Men eg ynskjer heilt klart samfunnsendringar som fører til meir sosial utjamning.

**N**år han no byrjar som leiar i Norsk Bibliotekforening, må han derimot legge partipolitikken vekk.

– Det betyr ikkje at eg sluttar å meine noko. Og bibliotekpolitikken bryt ikkje med dei grunnsyna og har, slår han fast.

Han let seg engasjere av urettvise. No pendlar han mellom bustadane på Grønland i Oslo og Stavanger.

Ein skal ikkje langt før ein finn store forskjellar på folk, og dei geografiske skiljelinjene er tydelege, ikkje minst her i Oslo.

– Burde folk hjelpe meir?

– Ja, dei burde i alle fall ikkje ha noko i mot å betale skatt for inntekta si. Dersom folk vil hjelpe mindre og heller betale meir i skatt, så er det greitt for meg.

**S**jølv om tida med bokbussen er over, er Tennesand framleis ein bokorm, ein ivrig lesar som kastar seg over det meste som finst av litteratur.

– Eg les det meste, faglitteratur, skjønnlitteratur, dikt. Det er mange forfattarar og likar, også noverande. Frode Grytten er ein av dei, han skriv på mange måtar om mitt liv og mine opplevingar.

Frode Grytten skriv også på nynorsk.

– Grytten har vel sagt noko slikt som at det er like tungt å slå gjennom som novelleforfattar som nynorskskrivande forfattar. Det er fult mogleg å slå gjennom på nynorsk, meiner Tennesand og viser

– Eg vart glad i biblioteket då eg var barn, ikkje minst på grunn av alle moglegheitene eg fann der.

som så mange andre nett no til Maria Parr og barnebøkene hennar.

– Eg trur mange barnebibliotek formidlar historia om Tonje Glimmerdal nett no.

Tennesand meiner sjølv han har eit utmerka forhold til nynorsk. Til slutt kastar han også ein flamme inn i målstriden.

– Målfolk er ofte så opptekne av språket i skulen, det hadde kanskje ikkje vore så dumt å snakka om biblioteka også. Språk er viktig, ikkje minst på eit bibliotek.

## PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon [www.pirion.no](http://www.pirion.no) eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)



**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**

# Eit enklare språk

– Vår oppgave er å lage ei enklare og strammare norm for nynorsk, seier leiaren i rettskrivingsnemnda, Grete Riise.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**NY NORM:** Grete Riise håpar den nye nynorsknorma skal gjere språket enklare. (Foto: Yngve Simmenes)

I september 2009 bad Kulturdepartementet Språkrådet om å setje i verk ein gjennomgang av nynorskrettskrivinga. Dette arbeidet skal vere tufta på rettskrivingsutgreininga for nynorsk frå 2002, språkmeldinga frå 2008 og drøftinga av ho i Stortinget våren 2009.

– Det skal bli lettare å vere nynorskbrukar, samstundes som det skal bli eit tydelegare språk for dei som brukar nynorsk som sidemål, seier Riise og viser til at ein i motsetnad til forslaget frå 2002 no har eit mål om å lage ei norm utan sideformer.

– Me skal både oppheve skiljet mellom hovud- og sideform og avgrense valfridomen. Dei valfrise formene som blir ståande att, blir jamstelte. Men me kan ikkje ta bort alt, ein må framleis kunne velje mellom a-infinitiv og e-infinitiv, eller til dømes mellom vi og me. Å finne ut kva vi skal ta ut og kva som må vere med vidare, blir vanskeleg. Men folk skal ikkje måtte lære å skrive på nytt, det er ikkje det som er målet.

### VIL HA INNSPEL

Den nye nynorsknorma skal byggje på eigen grunn. Målet er verken å nærme seg

bokmålet eller å fjerne seg frå det. Det dei derimot skal ta omsyn til, er kva som faktisk blir brukt av nynorskbrukarane i dag. I tillegg skal nemnda ta omsyn til talemålsgrunnlaget, mykje brukte former og ord, geografisk spreing og skriftspråkstradisjonar. Nemnda vil difor leggje ned eit stort arbeid i å kartlegge nynorskbruken, både i aviser, kommunar, offentlege kontor og ute blant folk flest. Mellom anna er nemnda i ferd med å registrere språket på nettsidene til dei fire fylkesmennene som har nynorsk tenestemål, dei vil granske materiale frå fem kommunar som dei har valt ut i samarbeid med LNK, og dei vonar å få tilgang til eksamensoppgåver frå skuleelevar både i hovudmål og sidemål.

– Me har lange tradisjonar med nynorsk som skriftspråk, og me har det store nynorske tekstkorpuset, som inneheld avisspråk, skjønnlitterært språk, tekstar for born og fagspråk, å hente kunnskap frå. Her kan me sjå kva språk som eigentleg blir brukt, meiner Grete Riise.

Nemnda har også oppretta ein eigen nettsstad på Språkrådet sine nettsider, der dei inviterer til innspel frå alle som har meiningar om dette, og der dei vil legge ut vedtak og høyringsfråsegner etter kvart. Ein del av mandatet frå Språkrådet er at arbeidet skal gjennomførast i ein open og inkluderande prosess.

– Så langt eg veit, er det første gangen det blir lagt opp på ein slik måte. Me håpar jo at organisasjonar som til dømes LNK vil kome med innspel me kan leggje ut her.

Rettskrivingsnemnda vil òg snakke med viktige språknormerarar om faktisk språkbruk og forventningar til den nye norma. Til no har dei vore hjå Språkverkstaden i Bergen, Dag og Tid, Samlaget og Nynorsk Pressekontor.

– Mange har jo si eiga rettskrivingsnorm, som dei må justere på etter at dette arbeidet er ferdig, seier Riise som legg vekt på at språkinteressa er stor, og at rettskrivingsnorma er viktig for mange.

### EI FELLES NORM

Nemnda skal legge fram ei ferdig innstilling seinast 1. april 2011. 21. februar same året blir det også eit ope høyringsmøte. Språkrådet skal handsame innstillinga i mai 2011, og dei håpar ei ny norm kan gjelde

alt frå skulestart i 2012. Då må ordlistene vere klare i nye og reviderte utgåver.

Det er fyrst og fremst offentlege tilsette, lærebokforfattarar, lærarar og skuleelevar som må fylgje norma. At dei kan halde seg til ei tydelegare norm, vil truleg gjere det lettare å skrive rett, trur Riise.

– Det lettaste blir å ta vekk former folk ikkje brukar eller knapt veit eksisterer. Visste du forresten at det er lov å skrive kjemer? Denne trur eg ikkje mange vil sakne om den forsvinn. Mange lengtar også til dømes etter å redusere talet på skrivemåtar for ordet mogleg. I dag er det seks ulike måtar. No er spørsmålet: Kor mange måtar må me ha for å skrive mogleg. Ein, eller kanskje to.

Leiar i nemnda, Grete Riise (62), er nettedaktør hjå Fylkesmannen i Hordaland. Med seg har ho førsteamanuensis Unn Røynealand (43), som arbeider ved Universitetet i Oslo og Høgskulen i Volda, journalist Ragnhild Bjørge (32), som er journalist og reportasjeleiar i NRK Dagsnytt, lærar Karin Magnetun (46) frå Torpo barneskule, lektor og forfattar Tore Elias Hoel (56) frå Bodø videregående skole, redaktør Svend Arne Vee (42) i lokalavisa Firdaposten i Florø og prosjektdirektør Åse Wetås (37) i Norsk Ordbok 2014. Sekretær for prosjektet er ordlisteredaktør og språkrættar Aud Søyland (55).

# Ungt engasjement

**Valprosjektet Mot til å meina har som målsetjing å auke det politiske engasjementet blant unge. No blir det konferanse om demokratiske utfordringar og politisk interesse blant ungdom.**



JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Prosjektet, som går over tre år, har som målsetjing å få fleire under 26 år til å ta del i politisk arbeid, i politiske parti og

**FLEIRE UNGE:** Mot til å meina prosjektet har som målsetjing å få fleire under 26 år til å ta del i politisk arbeid, i politiske parti og i politiske interesseorganisasjonar fram mot 2011.

16-åringar, nye formidlingsmåtar i media og demokratiske utfordringar viktige tema. Det er Kommunal- og regionaldepartementet som gjennomfører prosjektet i samarbeid med Nasjonalt Garborgsenter og kommunane Hjelmeland, Sauda og Time. Dei vidaregåande skulane som dekkjer pilotkommunane, har peika ut fem elevar kvar som skal følge prosjektet.

No blir det konferanse i Stavanger, der ein skal diskutere om demokratiet er blåmåndag eller grøn framtid. Her deltek mellom andre Asak Sira Myhre, som skal snakke om ungt engasjement, Frank H. Aarebrot, som skal drøfte kvifor unge vel bort folkevald arbeid, og stortingsrepresentant Hadia Tajik (Ap), som vil fortelje om kvifor ho vart samfunnsengasjert. På konferansen blir også stemmerett for lokalval.

# Overfører bibliotekoppgåver

**Bibliotekoppgåvene skal no overførast frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Dette er ikkje vår tilråding, men me vil naturlegvis lojalt fylgje opp dei vedtaka som er gjorde, seier informasjonsdirektør Atle Faye i ABM-utvikling til LNK-avisa.

Regjeringa lanserte i februar forslaget om å overføre bibliotekoppgåvene frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket. Det førte mellom anna til at styret i ABM-utvikling, som vart leia av Kari Gjestebye, trakk seg. I ei pressemelding viser den tidlegare styreleiaren til at dette endrar ABM-utvikling sitt mandat og oppgåver og dermed også oppnemninga av styret. Pressemeldinga framhevar vidare at ein no må arbeide konstruktivt for å styrkje oppgåvene ABM-utvikling framleis har på arkiv- og museumsfeltet.

– Me er avhengige av klare oppgåver. Vårt fornya mandat er det Kulturdepartementet som må gi oss, seier Faye om kva ABM-utvikling skal arbeide med framover.

Kulturpolitisk talsmann i Høgre, Olemic Thommessen, uttaler til Morgenbladet at han meiner kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap) opptredde arrogant då ho berre informerte Stortinget om avgjerda utan opne for tilstrekkeleg bibliotekfagleg eller politisk debatt om den.

– Men eg la fram dei faglege argumenta, noko han insisterte på at eg aldri gjorde. Eg sa at det på nokre område i Kultur-Noreg er dobbel administrasjon, og at dette er uheldig. Me har hatt eit manglande samarbeid og dårleg koordinering mellom ABM-utvikling og Nasjonalbiblioteket. Eg ser det som ein fordel at operative og rådgjevande organ er samla i eit sterkt fagmiljø, seier Huitfeldt til Morgenbladet.

Kulturdepartementet vil fullføre flyttinga av bibliotekoppgåvene frå ABM-utvikling innan 1. juli, skriv Norsk Bibliotekforening på sine nettsider.

# Mot nye mål

11.500\* unike brukarar  
169.000\* sidevisingar i veka  
Oppdatert kvar dag




24.000\*\* lesarar  
måndag tysdag onsdag  
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

\* 1 snitt pr. veka \*\* Gallup 1/2007

lokale nyhende fra stordal



# Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-  
Dobbelrom 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western  
**Hotell Bondeheimen & Kaffistova**



Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen  
Norske Ordsprog, 1881



# Vil ha koranen på nynorsk

– Det vil vere stor hjelp å få Koranen på nynorsk, seier Vinje-ordførar Arne Vinje (SV) til Dag og Tid.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**STOR HJELP:** Vinje-ordførar Arne Vinje meiner det vil vera til stor hjelp i det pedagogiske arbeidet dersom koranen vert omsett til nynorsk. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Vinje har teke i mot mange somaliarar og har gode erfaringar med integrering. Arne Vinje legg vekt på at språket her er viktig.

– Også innvandraranar bør få sjansen til å lære nynorsk. Det skulle berre mangle, seier han til Dag og Tid.

Han meiner det ville vore til stor hjelp i det pedagogiske arbeidet dersom ei bok som vert mykje brukt i det muslimske miljøet, vart omsett til nynorsk.

– Borna lærer nynorsk i skulen, men dei vaksne har i for stor grad fått opplæring på bokmål. Det er ikkje vanskeleg for innvandrarnarerna å lære nynorsk, men heller eit handicap for dei som ikkje gjer det, seier ordføraren.

Direktør ved Ivar Aasen-tunet, Ottar Grepstad, uttalte nyleg at Koranen bør omsettast til nynorsk. Han peika på at det i framtida vil vere fleire muslimar som er busette i bygdene, og at det difor vil vere naudsynt med ei nynorsk utgåve av Koranen.

Forlagsdirektør i Samlaget, Tove Lie, seier dette på spørsmål om det er aktuelt for Samlaget å gi ut Koranen på nynorsk.

– Kanskje. I utgangspunktet er me positive, men det er fleire utfordringar som må løysast; mellom anna er omsetjingsarbeidet enormt. Me må finne kompetanse innan det språklege og det faglege, og prosjektet krev finansiering. Men ingenting er umogleg, seier ho til Dag og Tid.

# Spelar ei nøkkelrolle

– Barnehagen kan spele ei nøkkelrolle for dei barna som ikkje har lesing som ein del av heimekulturen, seier Ingeborg Mjør til kulturavisa Pirion.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**UTVIKLING:** Mjør meiner barnehagen kan støtte barn si utvikling når det kjem til språk, refleksjonsevne og sjangerforståing. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Ingeborg Mjør disputerte i desember med avhandlinga *Høgtlesar, barn, bildebok. Vegar til mening og tekst*. Her har pedagog og forskaren ved Universitetet i Stavanger analysert videoopptak av ungane på mellom eitt og to år som blir lesne for av vaksne.

Når dei vaksne forventar at barna skal vere aktive og gå i dialog, så gjer dei nettopp det. Ungane ven seg til å ta stilling og til å reflektere over det dei les. Dette er dei tente med både på kortare og lengre sikt, seier Mjør til Pirion.

Ho legg vekt på at høgtlesing og den litterære teksten representerer eit meir avansert språknivå, slik at barnet har noko å strekke seg etter.

Utfordringar i teksten er med på å bygge opp barnet si evne til å fortelje, seier forskaren.

Mjør meiner barnehagen kan støtte barn si utvikling når det kjem til språk, refleksjonsevne og sjangerforståing.

– Høgtlesaren rettleiar ungane i korleis dei skal forstå. Det kan dreie seg om logiske samanhengar, humor og dramatikk, seier Mjør til Pirion.

# Søkjer på nynorsk

Google kan vere ei utfordring for nynorskbedrifter som vil opp og fram i søkjemotoren.


TOYNI TOBEKK  
toynt@norsk-plan.no

– For Google er eit kvart ord unik. Skule er noko heilt anna enn skole i Google si verd, forklarar søkjemotorekspert Gunnar Bråten. For bedrifter som har heile landet som kundegruppe, vil det derfor vere utfordringar knytte til å bruke nynorske nøkkelord når dei skal marknadsføre produkta på heimesidene sine.

– Kunder på Austlandet bruker bokmålsord i sine søk. Leier dei etter attraksjonar, vil dei ikkje finne attraksjonar, hevdar Bråten. For reiselivsbedrifter kan slike ting vere avgjerande for om dei kjem høgt opp og blir funne i søkjemotoren.

Alternativet kan vere å bruke ord som er like på bae målformer viss det er muleg, eller å lage både nynorsk- og bokmålsvariantar av strategisk viktige sider, på same måte som mange har engelske og tyske sider.

Å gå over til å bruke bokmål er i alle fall ikkje eit alternativ, skal ein



**VANSKELEG:** Google kan vere ein vanskeleg berre å tene. (Illustrasjonsfoto: Flickr Creative Commons)

tru reiselivsorganisasjonane LNK-avisa har snakka med. Fleire av dei er klar over at denne problemstillinga i forhold til Google, men er samstundes tydelege på at nynorsk er og blir marknadsføringsspråket.

Hjå Reismål Sunnfjord er marknads-sjef Marit Hjortung veldig klar over at øarefiske i Sunnfjord er noko heilt

anna enn ørretfiske i Sunnfjord, sjølv om det tilfeldigvis gir treff på ein og same nettstad.

–Vi kjenner til problemet, og vi løysar det med å tilpasse tekst og ordbruk så godt vi klarer, fortel Hjortung.

– Det er ikkje aktuelt for oss å bruke noko anna enn nynorsk.

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

 **FAGFORBUNDET**



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040  
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

# Nye krefter i Noregs Mållag

Håvard B. Øvregård har sagt ja til attval som leiar i Noregs Mållag. Inn i styret kjem også nye krefter, mellom dei Helga Hjetland.

Håvard B. Øvregård er 34 år, kjem frå Bjørkedal i Volda og bur i Oslo. Øvregård har no takka ja til attval som leiar i Noregs Mållag.

– Eg vil prioritere å få fram forskning på målbyte frå nynorsk til bokmål i skulen, seier han i ei pressemelding.

Av nye namn i styret kan ein nemne tidlegare leiar i Utdanningsforbundet, Helga Hjetland, som har sagt ja til å vere styrekandidat.

– Eg har vore medlem i Mållaget heile livet, men det er fyrst no eg endeleg har tid til å engasjere meg. Eg har arbeid med barn og unge i skulen og ser kor viktig det er å gjere både dei unge og dei vaksne i skulen medvitne og stolte av språket sitt, seier Hjetland og legg vekt på at ho i Utdanningsforbundet har arbeid mykje med retten til morsmålsundervisning, og at dette er viktig for målsaka.



**TID:** – Eg har vore medlem i Mållaget beile livet, men det er fyrst no eg endeleg har tid til å engasjere meg., seier tidlegare leiar i Utdanningsforbundet, Helga Hjetland. (Foto: Bo Mathisen / Utdanningsforbundet)

Jens Kihl stiller som kandidat til nestledarvervet. Med sine 24 år er han ein av dei yngste nestledarane i Mållaget nokon gong. Jens Kihl er tidlegare leiar i Norsk Målungdom og kjem frå Oslo.

## Målpris til Linda Eide

Journalist Linda Eide får Målprisen til Hordaland Mållag for 2010.

– I dei mange programma ho har laga for NRK har ho synt at Vossa-målløret og nynorsk er ypparlege reiskapar i ei frodig journalistisk verksemder der det er plass til det meste, heiter det i grunngevinga.

PMålprisen frå Hordaland Mållag 2010 er eit målarstykke av biletkunstnaren Liv Jorunn Skjold: "Jenter på trapp i Havråtunet".

– Linda Eide er uvanleg iderik og særers allsidig, ho spelar på mange og ulike talentstrenger og typisk for henne er eit usliteleg humor, humor, sjølvironi, det skeive blikket, dei uventa vinklingane og dei overraskande hendingane. Kort sagt ho er eit nynorsk idol, seier Einar Adland, leiar i Hordaland Mållag i ei pressemelding.

Linda Eide er fødd og oppvaksen på Voss og er 41 år. Ho tok eksamen ved Norsk Journalisthøgskule i 1990, og seinare har NRK vore arbeidsplassen hennar. I 1996 studerte ho litteraturvitskap ved NTNU. Ho har vore programredaktør i NRK, mellom anna P3 i 1993 og frå 1998 i NRK P1 Norgestvilling og NRK Fjernsynet. Sidan 2007 har ho vore programleiar i serien "Norsk attraksjon" på NRK Fjernsynet.

- for deg som meiner noko

**MAGASINETT**

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

**www.magasinett.no**

**Nett det du treng på nettet?**

**NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!**



Språkråd frå  
Språkrådet sine  
nettsider www.  
sprakradet.no.

## SPRÅKRÅD

### Orddeling og særskriving

Ord må delast av og til, men ofte blir det feil.

Orddeling og særskriving minner om kvarandre, men i språklæra dreier det seg gjerne om to ulike ting.

Når det ikkje er plass til å skrive meir på ei linje, kan vi dele eit ord med bindestrek før vi skifter over til ny linje:

lin-  
je

røyk-  
fritt

Slik orddeling ved linjeskift er det reglar for. Det må vere minst to stavingar i eit ord for at vi kan dele det. Vi kan dele ordet ved å la ein konsonant og ein vokal gå over til neste linje (lin-je, hiks-ta, ek-sem-pel), eller vi kan dele mellom ledda i ordet (røyk-fritt, eks-emp-el).

Orddelingsfeil er t.d. «rik-savis», «hik-ste» og «ordd-eling».

Særskriving vil seie å skrive samansette ord i to eller fleire ord. Det er ein vanleg skrivefeil i dag at ord som skal skrivast i eitt, blir skrivne i to ord: «røyk fritt» i staden for «røykfritt», «kjempe bra» for «kjemp-pebra».

### Kan ein rapp bli ein hitt?

Om fornorsking og dobbel konsonant

Meininga med overskrifta er å minne om skrivemåten av to ord som har komme frå engelsk. Vi har fornorska skrivemåten slik at orda endar på dobbel konsonant, ikkje på enkel konsonant som i engelsk. Dermed kan «rapp» rime på «lapp» og «napp», mens «hitt» rimar på «litt» og «ditt».

«Rapp» er einaste offisielle skrivemåten i norsk av det engelske musikkordet «rap», mens ein del andre ord har valfri enkel og dobbel konsonant: «hit(t)», «bag(g)», «plot(t)», «handikap(p)». Du finn dei rette skrivemåtene i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.



**Tove Haugli (Ap) er ordfører i Nord-Fron kommune.**

Kommunestyret har 25 medlemmer.

Nord-Fron har 5800 innbyggjarar, og kommunesenteret er Vinstra. Andre bygdesentra er Kvam og Skåbu.

Næringsutvikling er eit av dei viktige satsingsområda i Nord-Fron kommune, både i form av nyskaping og etablering av arbeidsplassar og når det gjeld utvikling av eksisterande næringsliv.

Ein ny vegtrase av E6 gjennom kommunen skal sikre betre trafikktryggleik og gi betre vilkår for næringslivet.

Lokalavisa i kommunen er Dølen. Vinstra er kjent for å vere arrangementstad for det årlige Peer Gynt-stemnet.



#### Ordføreren om:

Folketalet:

Folketalet sett over tid går nedover, dette er ei utfordring me ikkje løysar over natta. Ikkje minst må me kunne tilby attraktive arbeidsplassar dersom ungdommen skal kome heim igjen.

Kommunesamslåing:

Eg meiner ein bør redusere talet på kommunar betrakteleg. Og eg er ikkje sikker på at det blir noko endring i kommunestrukturen før det kjem sterke statlege føringar, eg trur ikkje det blir mange kommunesamslåingar dersom det skal vere frivillig.

# Vil ha færre kommunar

**– Eg trur tida er overmoden for å gjere noko med kommunestrukturen, seier ordfører i Nord-Fron, Tove Haugli (Ap).**

JUDITH SØRHRUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Hadde det vore opp til ordfører Tove Haugli, hadde me hatt betrakteleg færre kommunar enn me har i dag. I dag blir kommunegrensene noko kunstige, slår ho fast. Nord-Fron ligg i Midt-Gudbrandsdal, om lag åtte mil frå Lillehammer, og samarbeider tett med fleire av nabokommunane.

– Mykje har endra seg i samfunnet sidan den kommunestrukturen me har i dag, vart nedteikna. Kor mange er det som blant anna er innom offentlege kontor i dag? Det meste går jo elektronisk, seier Haugli.

Ho meiner det ville vore positivt med større og meir robuste kommunar, ikkje minst i ute i distrikta.

– Å rekruttere dyktige fagfolk er til dømes ei utfordring for små kommunar, folk søker til større fagmiljø. Me må også konkurrere med det private næringslivet om å få tak i dei beste innafør enkelte fag. Så langt har det vore bra i Nord-Fron, me har fått tak i dyktige folk. Men me ser jo at det ikkje alltid er like mange søkjarar.

Ordfører Tove Haugli viser til at folketalet utviklinga er ein av dei største utfordringane framover for Nord-Fron. Som i så mange andre liknande distriktskommunar er folketalet utviklinga negativ, og ein slit for å få ungdommen attende til kommunen.

– For å få ungdommane heim igjen så er det ikkje nok med frisk luft og fin natur. Då må me kunne tilby spanande og attraktive arbeidsplassar til både dei og partnarane dei kjem heim med, i tillegg til gode tilbud innafør barnehage og skule samt fritidstilbod.

#### Godt samarbeid

Folketalet utviklinga er utan tvil ei av våre største utfordringar. Eit år jublar me over tre personar i pluss, det neste går me i null. Men sett over tid går folketalet nedover, seier ho og viser til at regionen har sett i gang fleire tiltak for å få fleire ungdommar heim igjen til Gudbrandsdalen.



**PÅ FRIARFERD:** Ordfører i Nord-Fron, Tove Haugli (Ap), skulle gjerne sett at det vart endringar i kommunestrukturen i Gudbrandsdalen. (Foto: Anne Grete Bakken)

– Men eg veit ikkje kva ein skal gjere for å løyse problemet, og denne utfordringa løysar me ikkje over natta, seier ordfører Tove Haugli.

Gjennom 2010 heldt folketallet i kommunen seg ifylgje tal frå Statistisk sentralbyrå stabilt på 5800 innbyggjarar.

Større kommunar kunne til dømes gitt oss større musklar til å drive næringsutvikling i kommunane. Eg trur derimot ikkje det er så mange økonomiske grunnar til å slå fleire kommunar saman utover at ein kunne spart noko ved å effektivisere administrasjonen. Men i sektorar som skule og omsorg er det lite å spare. Det er ikkje det det handlar om.

Uansett trur ordføreren det er viktig å sjå kva som lønner seg over tid, og kva

ein kan få igjen av ei eventuell kommunesamslåing.

– Me har allereie eit godt etablert samarbeid med Sør-Fron og Ringebu. Eg meiner det er naturleg å få til ein kommune av desse tre her i Midtdalen, seier Haugli.

I dag samarbeider dei tre kommunane om renovasjon, brannvesen, reinseanlegg og PPT-tenester. Samstundes har Sør-Fron og Nord-Fron eit godt samarbeid om felles kulturskuletilbod. Vi har også gått i hop om bygginga av Frønsbadet og samarbeider om bygging av kunstgrasbane og skianlegg.

– Mange meiner jo at ein heller bør satse på interkommunalt samarbeid i staden for å slå kommunane saman. Du er ikkje samd i det?

– Nei, eg er ikkje det. Kor mange fleire interkommunale

selskap bør ein ha før ein viskar ut kommunegrensene? undrar ordføreren.

#### TRUR PÅ TVANG

Det er ikkje første gongen kommunesamslåing blir diskutert i Nord-Fron. I førre kommunestyreperiode gjekk diskusjonen på om kommunen burde søkje samslåing med Sel kommune. Då fekk politikarane tilbakemeldingar frå innbyggjarane i kommunen om at dei truleg søkte samarbeid feil veg.

– Dei som sa noko den gongen, meinte det var meir naturleg å konsentrere seg om Midtdalen, seier Haugli.

– Er dei andre kommunane samde i at ein bør få til ei samslåing?

– Tja, det er no avhengig av kven du spør. Men eg meiner me har eit godt grunnlag i det breie samarbeidet me har.

– Kor mange kommunar bør me egentleg ha?

– Det går det ikkje an å setje eit tal på, men eg er uansett sikker på at ein bør redusere talet på kommunar betrakteleg. Også på tvers av fylkesgrenser, dei grensene er også kunstige i mange tilfelle. Og eg har sagt det før: Eg er ikkje så sikker på om det blir noka endring i kommunestrukturen før det kjem sterke føringar på det frå statlege styresmakter. Eg trur ikkje det blir mange kommunesamslåingar dersom det skal vere frivillig, slår ho fast.



**TENKETANK:** Dette er ungdommane som skal vere med og tenkje dei spanande tankane. F.v. Petter Skar, Hege Bredeveien, Mari Holmestad, Robin Kaldhusdal, Hanne Eide Myhre, Rolv Kristian Listad, og bakerst til høgre Ola Esten Røssum. (Foto: Bjørn Sletten/Dølen)

## Unge tankar

#### Prosjektet Midt i Gudbrandsdalen 2020 lanserer no ein eigen tenketank for og med ungdom.

JUDITH SØRHRUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er ungdom frå dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdal, saman med regionrådet og Vinstra vidaregåande skule som står bak tenketanken, skriv lokalavisa Dølen. Ungdommane som representerer dei ulike aktørane, er valde ut frå elevråd og ungdomsråd.

#### GODE AMBASSADØRAR

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal tek den negative befolkningsutviklinga på alvor, og difor har me sett i gang prosjektet *Midt i Gudbrandsdalen 2020*. Prosjektet skal inspirere til betre bumiljø, nyskapande næringsverksemd og auka tilflytting til regionen vår. Med dette som bakteppe har regionrådet rådført seg med ein del av innbyggjarane i dei tre kommunane, også ungdommane, seier Jan Sandbakken, koordinator i regionrådet til Dølen.

Han nemner vidare at ein har starta ein intervjurunde med ein del elevar for å få fram statusen for Midt-Gudbrandsdal.

– Det har noko med at dei er på siste stasjonen før dei reiser ut for å ta

utdanning eller begynne i arbeidslivet. Me må bli gode ambassadører for det som er bra i bygdene våre, seier han til lokalavisa.

#### – VÅR FRAMTID

Leiar for ungdomsrådet i Nord-Fron, Ola Esten Røssum, er glad ungdommen har fått ein slik sjans til å delta.

– Dette handlar om framtida vår, og då er det supert at me kan få vere med og seie kva me meiner, og vere kreative når det gjeld *Midt i Gudbrandsdalen 2020*. Det er me som er ungdom i dag, politikarane håpar vil bu her i regionen som vaksne, seier han til Dølen.

Han meiner ein må våge dersom ein skal klare å skape noko nytt i regionen, og

seier til lokalavisa i Midt-Gudbrandsdal er ein god plass å vere ung i.

– Me har eit godt tilbod både innanfor kultur og idrett, og eg trur dei fleste trivst godt i Midt-Gudbrandsdal. Utfordringa blir å gjere det enda meir attraktivt framover mot 2020, både for vaksne og ungdom, og det er ikkje umogleg, seier han.

## Opnar for bokmål

#### I 2004 opna nynorsk kommunen Nord-Fron opp for at enkelte tilsette likevel kan nytte bokmål dersom ein meistrar dette betre.

JUDITH SØRHRUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Nord-Fron innførte nynorsk som skulemål i alle krinsar i 1939 og som målform i kommuneadministrasjonen i

1965, i samband med den andre kommunesamslåing med Sør-Fron. I 1977 skilde dei to kommunane på nytt lag, og Nord-Fron stadfesta nynorsk som offisielt skriftspråk i administrasjonen. I 2004 opna likevel kommunen for at tilsette kunne bruke bokmål dersom ein meiner ein meistrar dette betre. Slik bruk kan i følgje målbruksplanen vere referat, notat, rapportar og saksframlegg. I tillegg kan det gjelde brev til innbyggjarar og andre der det ikkje er krav om ei bestemt målform.

– Det er heilt naturleg for oss å skrive nynorsk, sidan det ligg nærast opp til dialekten vår. Men eg ser jo at eit vedtak som dette fører til meir innslag av bokmål i administrasjonen, seier ordfører Tove Haugli.

Haugli meiner det er viktig å halde fast på dialekten og ikkje minst identiteten i kommunen. Ho ser samstundes at språket er i utvikling, og at bokmålet stadig vinn terreng, også i Nord-Fron. Ordføreren ser blant anna at ho snakkar ein mykje breiare dialekt enn det barna hennar gjer.

– Det er kjempeviktig å ta vare på dialekten vår. Og nynorsken. Språket er noko av den finaste kulturarven ein kan føre vidare, slår Haugli fast.

**ABC Startside®**  
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

[www.startside.no](http://www.startside.no)

## SAGT OM NORD-FRON:

– Det vi presenterer nå må vere truverdig. Vi kan ikkje drive å gifte oss, og så skilje oss att. Det blir uholdbart, seier ordførar i Ringebu Arnhild Baukhol til NRK Hedmark og Oppland om ei eventuell kommunesamanslåing saman med Sør - Fron og Nord - Fron.

# Mystikk ved Gålåvatnet



## Peer Gynt-stemnet er ei av dei sterkaste merkevarane i Nord-Fron.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Peer Gynt-satsinga har lange tradisjonar i Nord-Fron, seier administrerande direktør Eli Blakstad i Peer Gynt AS og viser til at Henrik Ibsen i 1862 reiste gjennom Gudbrandsdalen for å samle inn historier. Der møtte han truleg ein bonde som har inspirert han til teaterstykket om løgnaren, unnasluntraren og eventyraren Peer Gynt.

– Han la aldri skjul på at Peer Gynt hadde opphavet sitt i Gudbrandsdalen, smiler Blakstad.

I dag er det då også ein gjestegard som er oppkalla etter bonden som bar namnet Per Gynt.

**NATUR OG KULTUR**  
I 1928 vart det første Peer Gynt-stemnet arrangert, deretter vart det arrangert eit nytt i 1932 og eit i 1967. Etter 1967 har stemnet vore årvisst.

– Det var heilt klart eit gjennomslag for stemnet då me fekk utandørsoppsetjinga om Peer Gynt ved Gålåvatnet i 1989. Då tok stemnet kunsten ut i naturen, noko som me framleis arbeider med, seier Blakstad.

danseframføringa TidarÅ med FRIKAR Dance Company premiere i Fyrjuvet, til sommaren kjem dei attende.

– Stemnet er variert. Me klarer å kombinere scenekunst, dans og musikk, seier Eli Blakstad, som understrekar at Peer Gynt er like aktuell i dag som tidlegare.

– Peer er ein unnasluntrar som unngår dei vanskelege spørsmåla i livet. Dette dramaet kan godt brukast som eit bakteppe for aktuelle diskusjonar også i dag. Ei kvinne frå Bangladesh meinte Peer Gynt var like aktuell i likestillingsdebatten som Et dukkehjem, fortel Blakstad.



**PEER:** Dennis Storhøi som Peer Gynt ved Gålåvatnet (Foto: Lars Erik Skrefsrud)

– Dette er også noko av bakgrunnen for Peer Gynt-akademiet, som skal bli ein arena for refleksjon, og der ein kan diskutere avgjerande spørsmål i livet.

### LOKALT ENGASJEMENT

I løpet av Peer Gynt-stemnet er om lag 25 000 besøkjande innom, og om lag 400 frivillige arbeider for å få stemnet i hamn. I fylgje Eli Blakstad har innbyggjarane i kommunen eit nært forhold til aktiviteten rundt Peer Gynt.

– Eg er vel sikkert ikkje den rette å spørje om dette, men eg trur dei som bur her, har eit stort engasjement og eigarskap til dette. Stemnet er jo også arbeid fram ved hjelp av dugnadsinnsats, noko som gir det lokal forankring. Folk vernar om dette, slår ho fast.

På scenen ved Gålåvatnet finn vi mange kjende skodespelarar, som Mari Maurstad, Ellen Horn og Dennis Storhøi.

For mange er det ei ære å få spele Peer Gynt ved Gålåvatnet. Det blir sett på som eit viktig teaterstykke, trur Blakstad og framhevar at det blir noko originalt og ekte over stykket når det blir spelt i Peer sine heimtrakter, Gudbrandsdalen. Stemnet er også med på å setje Nord-Fron på kartet.

– Peer Gynt er ei av dei sterkaste merkevarane me har her, det er noko av det som har gjort kommunen vår kjend.

**KUNST I NATUREN:** Eli Blakstad, meiner Peer Gynt-stemnet fekk gjennomslag ved utandørsoppsetjinga om Peer Gynt ved Gålåvatnet i 1989 (Foto: Siv-Elin Næro)



Foto: Dissimilis

## Peer Gynt- prisen til Dissimilis

Stortingsrepresentantane har valt Dissimilis til Peer Gynt for 2010. Dei får prisen for ein einestående innsats både internasjonalt og nasjonalt. Prisen blir delt ut under Peer Gynt-stemnet 28. juli. For å få prisen må personen eller organisasjonen ha markert seg på ein positiv

måte på det samfunnsnyttige området og gjort Noreg kjent i utlandet. Ibsen sin Peer er ein omsynslaus kapitalist og slavehandlar. Han vik unna alt sårt og kvast og valsar gjennom livet utan omsyn til noko. Peer Gynt-prisen representerer med andre ord alt det Peer ikkje er. Dei

tre nominerte til Årets Peer Gynt 2010 var Magnus Carlsen, Dissimilis og Sissel Kyrkjebø. Dissimilis blir den 40. Peer Gynt-vinnaren.

# MOT TIL Å MEINA

Stavanger 6.-7. mai, 2010

## Demokratiet: Blåmandag eller grøn framtid?

Aslak Sira Myhre:

**Tek me demokratiet for gitt?**

Hadia Tajik:

**Kvifor blei eg engasjert?**

Kjetil Dahle:

**Nye formidlingsmåtar i media.**

Liv Signe Navarsete:

**Demokratiet treng unge røyster  
– men får dei lov?**

Frank H. Aarebrot:

**Kvifor vel dei unge bort  
folkevald arbeid?**

### Påmelding:

Konferanseavgift (utan overnatting),  
lunsj begge dagar kr 2.500,-  
Overnatting (6. – 7 mai) med festmiddag  
torsdag 6. mai kr 1300,-  
Treng du overnatting frå onsdag til torsdag,  
gje melding om dette.


Påmelding innan 26. mars 2010  
til e-post [seminar@garborg.no](mailto:seminar@garborg.no)  
eller telefaks 52 79 04 81.

Ved avmelding mindre enn ei veke før konferansen blir det fakturert full pris.

### Desse medverkar også:

Putte Svensson, Jostein Fretland, Terje Brevik, Geir Almås-vold Mo, Rune Øygard, Olaug Vervik Bollestad, Tale Hungnes, Olaug Nilssen, Rune Hetland, Øyvind Solstad, Geir Pollestad, Iselin Nybø, Vibeke Mohn Herberg, Espen Thompson, Gunhild Berge Stang

Fullstendig program på [garborg.no](http://garborg.no)



**SITAT:**

– Elevane må skrive for å lære nynorsk. Kor skriv dei? Jau, dei skriv på Facebook. DER hadde eg planen klar. (...) Dette kallar eg nynorsktime i praksis, elevane skreiv og brukte språket aktivt på sitt område, der dei kanskje ville ha sete og smugitta likevel.

Norsklærer Liv Marie Schou ved St. Hallvard videregående skole i Lier bloggar om å bruke Facebook i nynorskundervisninga.

# Utfordrar Navarsete

**Norsk Målungdom reagerer på at mange innvandrere lærer eit anna språk enn barna når dei kjem til Noreg. No utfordrar dei kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp).**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**STAFETTPINNEN:** Kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) signaliserer no at ho tek utfordringa frå Norsk Målungdom på alvor. No sender ho stafettpinnen vidare til fleire kollegar i regjeringa. (Foto: Statsministerens kontor)

– Det viktigaste er at det finst gode og rimelege læremiddel tilgjengeleg på nynorsk. Diverre skal det ikkje meir til enn små, praktiske hinder for at kommunane ikkje får på plass eit opplæringstilbod, seier Svendsen.

## KARTLEGG NYNORSKBRUKEN

Kommunalminister Liv Signe Navarsete har tidlegare uttalt at departementet no ynskjer å setje fokus på innvandrere i distriktpolitikken. No signaliserer ho at språkopplæring for innvandrere blir eit viktig tema. Opplæringa blir også sentral i arbeidet med å fylgje opp språkmeldinga Mål og meining som kom i 2008.

– Me varsla i språkmeldinga at me ville leggje ned eit arbeid i å kartlegge nynorskbruken i kommunesektoren. Her blir opplæringa av innvandrane viktig, seier statssekretær Guri Størvold til LNK-avisa.

Størvold viser til at Kommunal- og regionaldepartementet no vil sende utfordringa

vidare både til Kulturdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

– Kommunal- og regionaldepartementet har ikkje ansvar for verken språkopplæring for innvandrere eller det ordinære utdanningsløpet, så her må me også få med andre departement. Det har allereie vore litt kontakt med Kulturdepartementet om saka, seier Størvold.

## VIKTIG MED SPRÅK

Guri Størvold understrekar vidare at det er viktig kommunane fylgjer lovverket, som klart slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer. Vidare blir det i fylgje Størvold viktig at kommunane får tilgang på læremateriell på nynorsk som kan brukast i opplæringa.


– Det er dumt å utstyre folk med ei unødvendig språkbarriere, og at dei ikkje får opplæring i den same målforma som blir brukt der dei bur. Ofte har ein så mange barrierer i ein slik situasjon, og då er det i alle fall unødvendig med ein ekstra språkbarriere.

Også ho meiner det er viktig at innvandrere får opplæring i same språket som barna får på skulen.

– Elles skjønner jo dei fleste at det blir vanskeleg å vere foreldre, slår ho fast.

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer no å setje fokus på innvandrere i distriktpolitikken.

– Innvandrane står for ein god del av tilflyttinga til bygdene, og språk er naturlegvis ein av dei viktige nøklane til integrering, seier Størvold.



Vil meir enn 60 års erfaring med pensjon komme kundane våre til gode når vi startar bank?



Sverre Thornes  
Konsernsjef

# Ja.

KLP har i meir enn seksti år levert trygge og konkurransedyktige finans- og forsikringstenester til offentleg sektor. Det har gitt oss lang erfaring i å ta vare på kundane sine interesser. Eit sentralt prinsipp har heile tida vore at forretningsverksemda vår skal vera open og ansvarleg.

No startar vi bank. Og nett dei same prinsippa skal leggjast til grunn. KLP Banken skal tilby sjølvbetjente og behovstilpassa banktenester for alle - men med ekstra gunstige vilkår for dei som har offentleg tenestepensjon hos oss. Det skal lønna seg å vera medlem i KLP - både for kundane våre og for dei som er tilsette hos kundane våre.

Gå inn på klp.no, så får du vita meir om den nye banken.

**KLP**  
for dagane som kjem

# aktuelt: Sylfest Lomheim



Foto: Astrid E. Hjelmeland

**Bur:** Oslo/Kristiansand

**Aktuell:** Til sommaren går han av som direktør i Språkrådet, etter sju år i jobben.

**Språk:** På jobb i Språkrådet skriv Lomheim både bokmål og nynorsk. Elles berre nynorsk.

**Alder:** 65

**Sylfest Lomheim (65) meiner Språkrådet bør jobba med haldningane me har til språket vårt. Til sommaren går han av som språkdirektør.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Korleis blir det å gå av som språkdirektør?

– Både fint og vemodig – slik det skal vera. Fint fordi eg må vera ærleg nok til å seia at det på desse snart sju åra har skjedd det med Språkrådet og språkpolitikken som eg hadde vona. Vemodig fordi det er ein viktig arbeidsperiode – sikkert den viktigaste i livet mitt – som no i 2010 blir avslutta.

## Språkdirektøren

– Kva er den største utfordringa for nynorsken framover?

– Det er for å ta ein Kolberg, jamfør ein tale han heldt på landsmøtet: produksjon – produksjon – produksjon! Det må produserast tekster på nynorsk, så mykje som råd og med så godt språk som råd. Manglande lærebøker på nynorsk, manglande artiklar på nynorsk i VG, manglande nynorsk i turistbrosjyrar frå Hardanger; alt dette utgjør det største overgrepet på det nynorskbrukande mindretallet. Utan at folk les nynorsk, kan dei ikkje skriva nynorsk.

– Korleis kan ein få fleire aktørar i næringslivet til å bruke nynorsk?

– Ved å få næringslivsleiarar til å forstå at innteningsevna i mange samanhengar, men ikkje alle, kan bli betre ved å satsa på nynorsk.

– De har nettopp lagt fram Språkstatus 2010. Kva er dei viktigaste trekkene der?

– Det blir brukt stadig mindre norsk i høgre utdanning og forskning, kvaliteten på læremiddel i norskfaget er i ein del tilfelle uakseptabel dårleg, elevane både rettar og ler, kvar fjerde ungdom trur at engelsk er eit betre språk enn norsk, men popartistane bruker meir norsk i tekstene sine i 2010 enn for fire-fem år sidan.

– Kva har vore di språklege kampsak?

– Endra folk si oppfatning av Språkrådet og språkpolitikken.

– Kva er den største utfordringa for språkutviklinga i Noreg?

– Det er å ta vare på norsk skriftspråk som eit fullverdig og funksjonelt uttrykksmiddel for oss som bur i Noreg.

– Kva betyr målrørsla for deg?

– Ho har vore min einaste trufaste åndelege følgjesvein i livet sidan eg forlét gardstunet på Lomheim som 19-åring. Andre grunnsyn og retningar kan ha veksla litt.

– Korleis kan ein stimulera til meir nynorsk i barnehagen?

– Nynorsk i barnehagen er eit middel – ikkje eit mål – for å utvikla så slitesterke haldningar til morsmålet at dei held livet ut. Berre fantasien set grenser for korleis ein gjennom song og lek kan byggja opp haldningar til språk i barnehagen. Bokstavering og "skule" i den alderen bør det ikkje vera mykje av. Det er ikkje godt for utviklinga, sjølv om mange vaksne trur det.

– Tre av fire statsorgan bryt mållova. Kva kan ein gjera med det?

– Svaret er enkelt: gjennom politisk styring frå statsråden og nedover. Etatsleiarar må ikkje få høve til å gløyma kva dei har som ansvar.

– Kva trur du om framtida til nynorsken?



Helga Flatland (25) er frå Flatdal i Seljord og busett i Oslo  
**Bli hvis du kan. Reis hvis du må er hennar debutbok.**

## debutanten

*Noko har hendt, ei tung sky har lagt seg mellom fjella og drepe alt liv. Alle held seg innandørs, ingen tør møte blick, ingen tør møte kvarandre og bli konfronterte med sitt eige sjokk, si eiga sorg. Det gjekk så fort. Telefonen ringte og Ingrid svara og ingenting kan nokon gong bli det same. På tre timar visste alle det og bygda døydde.»*

Aschehoug 2010

– Den er god nok dei neste hundre åra berre nynorskbrukarane brukar nynorsk.

– Kva bør Språkrådet arbeide med framover?

– Kvaliteten på norskundervisninga frå barnehage til vidaregåande, gode fagspråk på norsk i høgre utdanning og ein heil haug med andre ting – men først og sist: haldningar, haldningar, haldningar!

– Kva skal du gjere til bausten?

– Planen er å gå attende til professorstillinga ved Universitetet i Agder.

# UiO bryt mållova

**Berre 3,5 prosent av tekstane på Universitetet i Oslo sine nettsider var på nynorsk i 2009. Dermed bryt Universitetet i Oslo mållova, skriv Uniform.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er berre universitetet si eiga avis, Uniform, som oppfyller krava om nynorsk i mållova. Avisa har 43 prosent nynorsk. Nettsidene står det derimot dårlegare

til med. Berre 3,5 prosent av tekstane på nettsidene var i 2009 på nynorsk, noko som var ein liten framgang frå 2008, då om lag 2,1 prosent av tekstane var på nynorsk. I tillegg viser ein rapport frå 2009 at tre tilsette har delteke på kurs i administrativ nynorsk. I eit brev datert 5. januar i år ber Språkrådet om at UiO i rapporten for 2009 skriv om kva som har blitt gjort for å få meir nynorsk på nettsidene og gjere alle skjema tilgjengelege i begge målformer, skriv Uniform. Som svar på dette blir det vist til at universitetet er i ferd med å fornye nettsidene, og at fleire av fakulteta arbeider for å auke bruken av nynorsk. Det

blir også lagt vekt på at ein no vil utarbeide ein handlingsplan for målbruk ved UiO. – Det er eit mål at Universitetet i Oslo skal oppfylle mållova, seier administrasjonssjef Bjørnar Sarnes til Uniform. Sarnes vil likevel ikkje seie noko om når dette målet eventuelt kan realiserast.

LNK-avisa sette i førre nummer søkjelys på at det er få nynorskstudentar ved universitetet, og at berre 2 prosent av masteroppgåvene ved Universitetet i Oslo vert leverte på nynorsk.

**ABC**  
**Startsida**<sup>®</sup>  
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege  
start på  
internett

[www.startsida.no](http://www.startsida.no)